
Saksnr: 2024/21902-14
Saksbehandlar: Bjørnar Tjoflot

Saksgang

Utvai	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.05.2026

Høyringsinnspel til konsesjonssøknad for Re Energi kraftverk

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune er positiv til Re Energi kraftverk, føresett at det vert stilt bindande og tilstreккеlege krav til avbøtande tiltak som i reell grad tek vare på friluftslivsinteresser i Storelva.
2. Vestland fylkesutval føreset gjennomføring av undersøkingar etter kulturminnelova § 9 før eventuell vidare planlegging av tiltaket.
3. Vestland fylkeskommune føreset at det vert gjennomført dokumentasjon av vasskvalitet før eventuell anleggsstart, samt oppfølgjande overvaking i driftsfasen på elvestrekninga med bortført vatn og nedstraums utløpet av kraftverket.

Samandrag

Saka gjeld søknad frå Re Energi AS om konsesjon til bygging og drift av Re Energi kraftverk i Storelva i Gloppen kommune, som er sendt på høyring av NVE med høyringsfrist 18.05.26 (VLFK har fått utsett frist for behandling i FUV). Vestland fylkeskommune er regional høyringspart og skal gi fråsegn til søknaden. Saksframlegget gjer greie for tiltaket og vurderer konsekvensar for regionale interesser, mellom anna friluftsliv, folkehelse, klima, natur og kraftsystem. Tiltaket vil ha estimert årleg middelproduksjon på om lag 90 GWh.

Vedtaket, saman med saksframlegget, vert sendt til NVE som Vestland fylkeskommune sitt høyringsinnspel.

Robert Rastad
fylkesdirektørBård Sandal
direktør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune har motteke førespurnad om høyringsfråsegn i samband med NVE si høyring av konsesjonssøknaden for Re Energi kraftverk i Storelva i Gloppen kommune. Søknaden skal handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 12 og energilova § 2-2 og NVE fattar endeleg vedtak i saka.

Saksframlegget legg til rette for politisk handsaming i fylkesutvalet i Vestland og skal, saman med vedtak, utgjere Vestland fylkeskommune si samla høyringsuttale til NVE. I fråsegna skal fylkeskommunen gi sine vurderingar av tiltaket innanfor eige ansvarsområde, mellom anna med omsyn til regionale planar, natur- og miljøverdiar, friluftsliv, landskap og berekraftig samfunnsutvikling.

Prosjektet inneber planlagt utnytting av fallet i Storelva til kraftproduksjon. Om lag 3,3 kilometer av elvestrekninga få redusert vassføring som følgje av utbygginga. Kraftverket er planlagt med maksimal slukeevne på 60 m³/s, ein installert effekt på 28,5 MW og estimert årleg middelproduksjon på om lag 90 GWh.

Re Energi AS søkjer også om løyve etter energilova til å byggje, eige og drifte elektriske anlegg knytt til kraftverket, samt tilknytting til overliggjande nett. Planlagt nettilknytting er via ein 132 kV kabel til Reed transformatorstasjon, der kabelen er føreslått lagt saman med avløpstunnelen.


Skildring av tiltaket

Re Energi kraftverk er planlagt som eit elvekraftverk i Storelva i Gloppen kommune, i Breimsdalen. Tiltaket skal utnytte delar av fallet i elva mellom området ved Fløtre/Høylo og Reed, like ovanfor Breimsvatnet, til produksjon av fornybar elektrisk energi. Kraftverket er utforma utan reguleringsmagasin og vil produsere straum basert på vassføringa i vassdraget, med produksjon som varierer gjennom året i takt med tilsig frå nedbør, snø- og bresmelting.



Figur 1: Flyfoto av tiltaksområdet i Breimsdalen med Breimsvatn nede i bildet. Kjelde: KU/Multiconsult

Vatnet blir teke ut av Storelva ved eit inntak på om lag kote 125 moh., der det er planlagt ein låg betongterskel og eit mindre inntaksbasseng. Frå inntaket blir vatnet ført i tunnel til kraftstasjonen, som er planlagt plassert i fjell. Etter at energien er utnytta i kraftstasjonen, blir vatnet ført vidare i avløpstunnel og sleppt tilbake i Storelva ved Breimshallen.



Figur 2: Oversikt over arealbruk og plassering av vassvegar og installasjonar. Kjelde: KU/Multiconsult.

Mellom inntaket og utløpet, ei elvestrekning på om lag 3,3 km, vil elva få redusert vassføring som følgje av utbygginga. Det er planlagt slepp av minstevassføring heile året, med høgare

minstevassføring i sommarhalvåret enn i vinterhalvåret, for å sikre vassmiljøet og økologiske funksjonar i elva.

Kraftverket er planlagt med ein installert effekt på 28,5 MW og ein forventa årleg middelproduksjon på om lag 90 GWh. Dette svarer til straumforbruket til fleire tusen hushald. Produksjonen vil vere størst i sommarhalvåret, då tilsiget frå snø- og bresmelting er høgast. Som reint elvekraftverk har anlegget avgrensa høve til å regulere produksjonen over tid, og produksjonen vil i hovudsak følgje vassføringa i elva.

Utbygginga medfører både mellombelse og permanente arealinngrep. Mellombelse inngrep vil i hovudsak vere knytte til anleggsfasen, mellom anna riggområde, anleggsvegar, tunnelpåhogg og massedeponi. Permanente inngrep omfattar i hovudsak inntaksområdet, delar av utløpsområdet og tekniske installasjonar knytte til kraftverket. Det permanente arealbeslaget er samla sett avgrensa, og store delar av tiltaksområdet ligg i eit landskap som allereie er prega av jordbruk, vegar og annan infrastruktur. Areal som blir nytta mellombels, mellom anna jordbruksareal brukt til massedeponi, er planlagt tilbakeført og sett i stand etter avslutta anleggsfase.

Kraftverket er planlagt knytt til det regionale kraftnettet via ein 132 kV kabel til Reed transformatorstasjon. Kabelen er foreslått lagt saman med avløpstunnelen.

Vedtakskompetanse

Jf. Reglement for folkevalde organ og delegering, reglement for fylkesutvalet kap. 7. Høyringsuttale og kap. 22. Energilova.

Høyringsfristen i denne saka var så kort at det ikkje lét seg gjere å leggja saka fram for både hovudutval for næring og fylkesutvalet. Det er vanleg praksis at saker som gjeld energi vert handsama i begge utvala, men når fristane er knappe, vert saka lagt direkte til fylkesutvalet, som har vedtakskompetanse og hyppigare møtefrekvens. Administrasjonen har allereie fått utsett frist i denne saka for å handsama den i dette møtet.

Medverknad

Medverknadsorgana har ikkje vore involverte.

Vurderingar og verknader

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Saka gir avgrensa administrative konsekvensar for Vestland fylkeskommune utover ordinær saksførebuing og politisk handsaming av høyringsuttale. Fylkeskommunen er ikkje tiltakshavar og vil ikkje ha ansvar for gjennomføring, drift eller finansiering av tiltaket. Eventuelle økonomiske konsekvensar knytte til utbygginga fell utanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde, og prosjektet er ikkje venta å medføre behov for nye løyvingar eller auka driftsutgifter for Vestland fylkeskommune.

Friluftsliv og folkehelse:

Sunnfjord Kajakklubb m.fl. skriv i høyringsinnspel til meldinga av prosjektet at Storelva er blant dei viktigaste padleelvene i tidlegare Sogn og Fjordane. Ikkje minst er elva viktig for nybyrjarar og mindre erfarne padlarar. Det kjem òg fram at Storelva vert òg nytta til padlekurs etter Noregs Padleforbund sin kursstige.

I konsekvensutgreiinga står det at det for det meste er regionale padlarar frå Førde, Sogndal, Sandane og Volda som padlar i Storelva og at det og er elevar ved folkehøgskulane i området og studentar som kjem til regionen nettopp for å utføre aktivitetar som elvepadling. Storelva er òg skildra i internasjonale padlebøker og blir nytta av utanlandske padleturistar. Det kan difor argumenterast for at Storelva har ein regional verdi som padleelv.

I konsekvensutgreiinga står det at ei utbygging vil medføre betydeleg reduksjon i vassføringa mellom inntaket og utløpet ved Breimshallen og at minstevassføringa på 6 m³/s vil vere for lite til å kunne oppretthalde elvepadlaraktiviteten utover flaumperiodar. Det er uklart for fylkesdirektøren kva reell vassføring det vil vere i elva gjennom sommaren når me legg til overrenning ved inntaket grunna flaumar, men moglegheitsrommet for padlarane vil uansett krympe, og KU peikar på at den minstevassføringa vil vere for lite til å oppretthalde elvepadlaraktiviteten. I følgje KU-en bør vere ei vassføring på 30-50 m³/s for å ha optimale tilhøve for padling. Vidare peikar KU-en på at eit

avbøtande tiltak kan gå ut på at det i enkelte dagar gjennom padlesesongen mellom april-november kan sleppast auka vassføring i elva (30-50 m³/s) slik at elvepadlaraktivitet kan oppretthaldast utover dagar med naturleg flaum. Ei slik avtale må utformast ilag med elvepadlarinteressene.

På bakgrunn av dei regionale friluftslivsinteressene knytt til elvepadling i Storelva, meiner vi at konsesjon til Re Energi Kraftverk, utan avbøtande tiltak m.o.t. elvepaldeinteresser som monnar, bør frårådst.

Klima:

Regional plan for klima 2022-2035 slår fast at Vestland skal vere ein pådrivar for å nå netto nullutslepp av klimagassar innan 2030. Re Energi kraftverk vil produsere fornybar elektrisitet og kan slik støtte overgangen frå fossil energibruk til elektrifisering i transport, industri og andre sektorar.

Samstundes legg klimaplanen vekt på at klima- og naturomsyn må sjåast i samanheng. Utbygging av elvekraft inneber inngrep i vassdrag og natur, og kan redusere naturverdiar som også er viktige for klimatilpassing og å handtere klimarisiko. Dette peikar på ein målkonflikt mellom behovet for meir fornybar energi og omsynet til natur og arealbruk.

Planen løftar vidare grøn omstilling av næringslivet, sirkulærøkonomi og ei rettferdig fordeling av fordelar og ulemper ved klimatiltak. Ny kraftproduksjon kan bidra til grøn verdiskaping, men lokale naturtap og belastningar må vegast opp mot dei overordna klimanyttene.

Samla sett vurderer fylkesdirektøren at Re Energi kraftverk gir eit positivt, men indirekte bidrag til klimaomstillinga. Prosjektet må likevel vurderast nøye opp mot omsynet til natur, klimatilpassing og rettferdig fordeling, i tråd med føringane i regional plan for klima.

Kraftsystem:

Re Energi kraftverk vil med ein årleg middelproduksjon på om lag 90 GWh bidra med ny fornybar elektrisitet til kraftsystemet i Vestland. I Regional plan for fornybar energi i Vestland 2023-2035 er det slått fast at vasskrafta skal vere grunnlaget for ei robust og stabil kraftforsyning i fylket også framover, og at Vestland skal halde fram med å vere ein viktig bidragsytar til nasjonal kraftbalanse. Planen peikar samstundes på at framtidig elektrifisering av transport, industri og andre samfunnssektorar vil auke behovet for ny kraftproduksjon, også i fylke som i dag har netto kraftoverskot.

Elvekraftverk som Re Energi kraftverk tilfører energi frå ei moden og påliteleg energikjelde, med låg klimabelastning og relativt føreseieleg produksjonsmønster. I regional plan vert det lagt vekt på at eit mangfald av fornybare energikjelder er nødvendig for å redusere sårbarheit i kraftsystemet og sikre stabil kraftbalanse over tid. Sjølv om elvekraft i mindre grad enn magasinregulert vasskraft kan styrast etter forbruk, vil slik produksjon vere eit viktig supplement til både regulerbar vasskraft og meir uregulerbare kjelder som vind- og solkraft.

Den regionale planen understrekar vidare at samfunnsnyttan av ny kraftproduksjon må vurderast opp mot konfliktar med natur, landskap og andre viktige arealinteresser.

Ut frå eit kraftsystemperspektiv er det fylkesdirektøren si vurdering at Re Energi kraftverk sitt bidrag til kraftsystemet er i tråd med dei overordna måla i regional plan for fornybar energi om styrkt kraftbalanse og auka produksjon av fornybar energi. Samstundes er kraftsystemnyttan av moderat omfang, og må vegast mot prosjektet sine samla konsekvensar for miljø, naturmangfald og landskap.

Kulturminne og kulturmiljø:

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturmiljømynde.

Det er vist til at det er SEFRAK-registrerte hus i området. I tillegg går Den Trondhjemske postveg gjennom området.

Det er viktig at undersøkingsplikta jamfør §9 i kulturminnelova skal gjennomførast etter at ev. konsesjon er gitt og i god tid før utarbeiding av miljø- transport og anleggsplan.

Næring og lokal verdiskaping:

Re Energi kraftverk vil gi avgrensa lokal verdiskaping og næringsverknader. I anleggsfasen er det anslått om lag 10 lokale årsverk, medan driftsfasen omfattar rundt eitt årsverk, og samla effekt på sysselsetting og næringsliv er vurdert som liten. Tiltaket vil samstundes gi stabile kommunale inntekter på om lag 1,8 mill. kroner per år. Samla sett er bidraget til lokal verdiskaping positivt, utan vesentleg betydning for næringsstruktur eller arbeidsmarknad i kommunen.

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi:

Tiltaket bidreg delvis til grøn næringsutvikling gjennom produksjon av fornybar energi. Samstundes kan utbygginga svekke målet om attraktive og berekraftige lokalsamfunn, ved at viktige friluftslivs- og rekreasjonsverdiar knytt til Storelva blir vesentleg reduserte. Tiltaket gir avgrensa bidrag til måla om innovative og inkluderande samfunn og kompetanseutvikling, då sysselsetjing og lokale ringverknader er små og i hovudsak kortvarige.

Tiltaket eit moderat positivt bidrag til økonomisk berekraft gjennom kraftproduksjon og avgrensa lokal verdiskaping. Samstundes har tiltaket negative verknader for miljømessig berekraft, særleg knytt til vassdrag, naturmangfald og friluftsliv. Dei sosiale berekraftverknadene er òg negative, ved at tilgjenge til ein regionalt viktig arena for fysisk aktivitet og friluftsliv blir redusert. Det er få men tydelege målkonfliktar mellom klima/energi og natur- og samfunnsomsyn i denne saka.

Vassmiljø:

Med bakgrunn i at det vert teke høgd for at alt utslipp frå reinseanlegget på Byrkjelo vert ført rett inn i inntaket til kraftverket, vil utslipp frå dette ikkje bidra til dårlegare vasskvalitet på råka elvestrekning med mindre det vert overløp på reinseanlegget. I fylkeskommunen sitt innspel til KU-program kommenterte vi at effekten av dette på strekninga nedanfor utløpet av kraftverket burde kartleggast. Fylkesdirektøren kan ikkje så at dette er gjennomført, og meiner framleis at det er viktig å dokumentere tilstanden før og etter utbygging, både på strekninga med bortført vatn så vel som nedstraums kraftverket.

Konklusjon

Re Energi kraftverk vil gi eit bidrag til produksjon av fornybar energi og styrkje kraftbalansen i tråd med regionale mål for fornybar energi og klima. Kraftsystemnyttan er likevel av moderat omfang, og dei er ingen administrative og økonomiske konsekvensane for Vestland fylkeskommune. Tiltaket gir avgrensa lokal verdiskaping og næringsverknader, med stabile, men relativt små inntekter til kommunen og utan særleg effekt på sysselsetting og næringsstruktur.

Samtidig viser vurderingane at tiltaket vil ha negative konsekvensar for friluftsliv og folkehelse, særleg knytt til elvepadling i Storelva. Elva har regional verdi som padleelv, og omsøkt minstevassføring på 6 m³/s er i følgje konsekvensutgreiinga ikkje tilstrekkeleg til å oppretthalde padleaktiviteten utover naturlege flaumperiodar. Utan avbøtande tiltak som monnar vil elvepadling truleg i hovudsak falle bort.

Vurderingane etter utviklingsplanen for Vestland syner vidare at saka inneber målkonfliktar mellom klima- og energihensyn på den eine sida og natur-, friluftslivs- og samfunnsomsyn på den andre. Tiltaket gir eit positivt, men i hovudsak indirekte bidrag til klimaomstillinga, medan konsekvensane for miljømessig og sosial berekraft er negative.

Utane avbøtande tiltak som i reell grad tek vare på friluftslivsinteressene knytt til elvepadling i Storelva, vurderer fylkesdirektøren at det er grunnlag for å rå frå konsesjon til Re Energi kraftverk.